

**Arkiv:** <arkivID><jpID> FA-C86  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 24.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
022/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	20.04.2021

### **Restopplag av bygdebøkene for Radøy og Meland**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur stiller seg positive til løysing for restopplaga, som skissert i saka

#### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 20.04.2021:**

#### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

#### **OKK- 022/21 Vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur stiller seg positive til løysing for restopplaga, som skissert i saka

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

#### **Bakgrunn**

Radøy kommune ga i perioden 2006–2014 ut fem bind av *Radøy gjennom tidene*. Det er i dag eit restopplag på kring 5 500 bøker, som er lagra hos Vigmostad & Bjørke. Forlaget ønskjer å avslutte avtalen då etterspurnaden er låg. Vidare kostar avtalen i dag kr 42 000 i året, i tillegg til 15% distribusjonsavgift.

Samstundes er det eit restopplag på kring 5 000 bøker av *Mellom bakkar og berg: Gard og ætt i Meland*. Dei tre banda vart gitt ut av Meland kommune i 2004. Desse er lagra i kommunens eigne lokale, med låg etterspurnad.

#### **Saksopplysninger:**

#### **Vurdering**

Saka er utløyst av at Vigmostad & Bjørke ønskjer å avslutte gjeldande *Radøy gjennom tidende*.

Avtalen har òg ein høg kostnad, og bøkene har eit lågt sal. Det er ikkje rom for å lagre dei 28 pallane med bøker frå Vigmostad & Bjørke i kommunale lokale på ein god og trygg måte. På same vis sel Meland-bøkene lite, og tek opp verdfullt lagringsareal i kommunale lokale.

Rådmannen vurderer at restopplaga for dei to bygdesogeutgjevingane ikkje vil selje ut i overskueleg framtid. Dette er ein naturleg og forventa situasjon, der lokalhistoriske utgjevingar normalt sel høgt dei første åra, og sidan har eit stabilt men lågt sal.

Rådmannen ønskjer derfor å redusere restopplaga ved å selje boksett på kampanje i løpet av 2021, samt tilby sett til høvesvis institusjonar, skular, lag, organisasjonar og ideelle og offentlege aktørar og tenester i regionen.

Måltal for restopplag for framtidig sal, etter kampanjeperiode, er 200 per utgjeving – totalt 1 600 bøker. Desse vil kunne lagrast i kommunale lokale på ein trygg måte. Kampanjen vil gjennomførast i samarbeid med innbyggjarservice og andre aktuelle aktørar. Eventuelle bøker over måltalet, som ikkje vert selt eller gitt vekk i løpet av kampanjen, vil verte kasserte.

Alver kommune har opphavsretten til bøkene, og åndsverket vert tatt i vare ved denne løysinga. Dersom ein i framtida ser behov for nye opplag, kan dette gjerast til ein lågare kostnad enn ved å oppbevare dagens restopplag på over 10 000 bøker over ei lengre årrekke. Ein kan òg forvente at Nasjonalbiblioteket vil kunne gjøre utgjevingane digitalt tilgjengelege i løpet av det kommande tiåret. Det eksisterande salet i dag er til dømes knytt til slektsforsking i ulike delar av landet, og ein vil kunne forvente at ei digital utgåve fritt tilgjengeleg vil minimere salet ytterlegare.

Det vert vurdert at ei slik løysing oppfyller formålet med bokutgjevingane, ved å sikre at så stor del av restopplaga som mogleg vert å finne i bokhyller i Alver, og ikkje på lager.

Det er òg restopplag av andre kommunale bokutgjevingar som kan vurderast nærmare, og Rådmannen ønskjer å vurdere desse som del av kampanjen ved høve. Tilsvarande måltal for restopplag etter kampanje vil då gjelde.